

Silda velforening
leiar Tore Johansen
Eldevika
6713 Almenning

Silda 3. juni 2017

Sogn og Fjordane Fylkeskommune og **Fylkesmannen v/ miljøavdelinga**

Askedalen 2,
6863 Leikanger
e-post: post@sfj.no

Kopi til :
Vågsøy kommune
6701 Måløy
e-post: post@vagsoy.kommune.no

Etablering av oppdrettslokalitet ved Silda. (Vågsøy kom. Ark.17/1278 , Dok 17/7037)


Ved eit tilfelle vart denne saka oppdaga, på Vågsøy kommune si postliste av 30.mai. Vi kalla, på svært kort varsel, inn til orienteringsmøte laurdag 3. juni. Frammøtet var overraskande stort og møtelyden var samstemt: Ein slik lokasjon er ikkje til nytte eller glede for Silda, berre ulemper.

Silda har utvikla seg til eit rekresjonsområde med svært mange brukarar på land og i hamna. Båtfolk frå heile regionen har no Silda gjestebrygge som sin faste besøkslass, og vert ofte liggande i lange periodar. I tillegg har tilstrøyminga av utanlandske båtar auka svært mykje. I vår gjestebok, på stien, var det i 2016 registrert 30 anløp frå 5 nasjonar.

Dette samfunnet er ein kvilestad, fritt for bil- og annan støy, ein stad der alle kan nytte naturen frå stiane og utvikspunkta med kvilebenkar. Det einaste ein hører er fuglar og ein og annan båt som passerer.

Til saka:

1. Lokasjonen ligg kloss opp til verneområdet for «Sildakruna naturvernområde», med svært strenge restriksjonar for all aktivitet. I området er det eit stort tal dukkande sjøfuglar og ein stamme av kobbe.
2. Søknaden innheld faktafeil:
 - a. Sogn og Fj. og Vågsøy Fiskarlag opplyser til oss at dei ikkje har vore inne i vurdering av denne lokasjonen. Fiskarlaget opplyser at dei for 3 – 4 veker sidan fekk ein forespørsel, om eit møte ang. ein lokasjon i Sogn og Fjordane utan pos., seinare har Fiskarlaget ikkje hørt noko om dette.
 - b. 2-3 arbeidsplassar til Silda er det vel liten grunn til å rekne med, heller ikkje til Vågsøy. Her skal det som vanleg opererast med oppdrettsflote og skiftarbeid, så selskapet vil nok hente inn sine eigne.
3. Arealplanen for Silda er under revidering. I gjeldande plan frå 2000 er delar av omsøkt område rett nok disponert til oppdrett, men 1/2 er regulert til låssetting, ikkje permanet installasjon.
4. Etablering av oppdrett i dette området vil øydelegge for eit svært fint og mykje nytta fiskeområde. «Klakkane» har i generasjonar vore rekna som den beste fiskeplass for sei og lyr. Den stadeigne seistammen er nytta både i fritid og næringsfiske. Området er ein velkjend fiskeplass for kveite og krabbe, om hausten er dette også eit godt hummarområde.
5. I kanten ned mot djupet, ved planlagd lokasjon, er der eit lokalt felt av korall, som fiskarar har fått opp delar av. Dette koralfeltet må registrerast, er vel eitt av dei få koralforekomstane i området.
6. Med ei sikringssone på 100m, rundt anlegget, vil fjøra i Nord Silda verte avstengd for bruk av kaier og naust. Her er det så grunt langs land, før marabakken, at ein båt må kome rett inn frå aust. Ein slik restriksjon vil sterkt forringe eigedomane i Nord Silda.
7. Silda velforening har med tilskot frå Gjennsidigefondet opparbeidd stiar på øya, med kvileplass og ein kvilebenk rett ovanfor Nordre molofeste, statleg verna i 2016. Eit slikt oppdrettsanlegg vil sjølv sagt skape støy frå generatorar og foringsanlegg, den fredelege kvileplassen vil ikkje verte som før.

For Silda velforening

Tore Johansen leiar